

# Fårikålfestival i Ringebru

*Vår kjære nasjonalrett, fårikålen, når stadig nye høgder. No sist med enda ein festival der den og sauene sto i høgsetet. Fårikålfestivalen i Midt-Gudbrandsdalen blei arrangert i «landsbyen» Ringebru sentrum fyrste helga i oktober.*

Regionrådet i Midt-Gudbrandsdalen står bak idéen om ein profileringsplan for regionen, og som eit nytt tiltak i den samanheng såg denne nye Fårikålfestival i Ringebru dagens lys. Mange lag og organisasjonar i dei tre kommunane; Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebru har vore med å utforma denne festdagen.



Gjetarhundoppvisning: Hunden til Tor Romsås i arbeid midt i Ringebru sentrum. (Foto: Britt Åse Høyevsen)

## Saukommunen Ringebru

Og kva var vel meir naturleg enn å arrangere dette midt i sauens sitt rike, Ringebru kommune, som er den største sauekommunen i heile Oppland fylke, med om lag 20.000 sau sleppt på beite. Fåvang Sau og Geit, er også det største lokallaget i fylket. Her var det mange saueentusiastar som ønskte å være med på arrangementet; Ringebru Reiseliv, Ringebru Markedsforening, Ringebru Sau og Geit og Fåvang Sau og Geit.

## Sauebønder sjøve

Anne Bolme Vestad, tjenesteleiar for kultur i kommunen, er sjølv saueeigar. Ho har stått sentralt i arbeidet med Fårikålfestival i Midt-Gudbrandsdalen.

- Eg vart møtt med stor stå-på-vilje da eg informerte om planane for sauefolket. Saman laga vi eit spanande program med fokus på sau, mat, hygge og tradisjon.

Øyvind Myhrsveen, også medlem i regionrådet og kulturkonsulent i kommunen, vart nestleiar i komiteén. Som saueutstillar i Fåvang gjennom 50 år, frå han var ti år og kjøpte fyrste lammet sitt, er det ikkje vanskeleg å forstå at sauene har ein heilt spesiell plass i hjartet hans.

- Ja, eg trur denne festivalen er viktig for sauemiljøet i midtdalen, i tillegg til at den er viktig for næringslivet, reiselivet og handelstanden. Dette er god marknadsføring for næringa vår. Den kan vera med å syne at sauekjøt er rein og god mat, og at sauene er bra for kulturlandskapet og beitebruken. Så eg har absolutt tru og håp om at dette arrangementet kan bli vidareutvikla og vil vekse.

## Sauetråkk i fleire kommunar

Sauemiljøet i alle dei tre kommunane er veldig godt, og sauebøndene var aktivt med på dette arrangementet. Det blei laga eit lammekåringsopplegg som fekk namnet «Sauetråkket». Fyrst starta festivalen med lammekåring på den gamle, tradisjonelle utstillingsplassen Flyausa i Fåvang. Her vart det sjølv sagt servert fårikål, som sikkert drog enda meir publikum enn det som er vanleg

på denne årlege festdagen for sauefolket. Så fortsette festivalen med to dagar med lammekåring i Sør- og Nord-Fron. På desse kåringsamlingane er det ei salig blanding av fag, tullprat og sosialt samvær mellom generasjonane.



Aksel Eng (t.h.), leiar i Regionrådet i Midt-Gudbrandsdalen, delte ut premier til dei som hadde dei beste verlamma.  
(Foto: Britt Åse Høyveen)

### Premieutdeling for Fåvang, Sør-Fron og Nord-Fron

Det ble kåret Midt-Gudbrandsdalsmester for Spæl- og Norsk Kvit.

Fåvang vant i begge klasser:

Spæl: Bodil og Geir Amrud

Norsk Kvit: Bjørn Krekke

slik dag, og klyppeoppvisning. Kåseri om ull og slaktemodne lam syner også at her sto fag og underholdning side om side. Vekttipping og missekåring vart det også.

Så å seie alt som har med sauehald å

gjera var også godt representert; slakteri, fjøsutstyr, klyppeutstyr, data, faglag og interesseorganisasjonar for småfe - alle med litt «smågodt» å by på for den som driv med sau. Gamle traktorar fekk òg

### Då sauen inntok rådhusplassen

Det er ikkje kvar dag det er sauetrakk i sentrum, sjølv i ein sauekommune som Ringebru, men denne dagen fekk ein sjå store og små flokkar av farga spæl, blæsesau, villsau, pelssau og NKS på rådhusplassen. Dei mest kjæle kopp-lamma var også invitert, og hadde ingen problem med å stille opp på scena eller ta seg ein tur i parken. Små og store hadde stor glede av å «prate» med desse representantane.

### Mange aktivitetar

Ulla er også eit viktig saueprodukt. Ulltetet var fylt til randen av alt frå «spinnville» damer til skinn, tova produkt til garn laga av ull frå sauer i eigen buskap. Og med litt surt haustver som bakgrunn, var det god marknad for varmande varer frå sau.

Sjølvsagt måtte demonstrasjon av gjetarhund i arbeid vera med på ein



Øyvind Myhrsvæn og Erling Skurdal smakar på färepølse, så klart! (Foto: Ole Maurits Nybakken)

høve til å syne seg fram denne dagen.

Ringebru har også sin eigen kjøtforretning, som er vidkjent, Annis Pølsemakeri. Her sto sjølvsagt färikålen varm i färikåltetet og metta eit stort publikum. Eldar Vågan fekk godfoten til å rykkje, og liv i gatene.

På slutten av dagen var det premieutdeling til dei beste verlamma i Nord-, Sør-Fron og Ringebru/Fåvang.

### «Får-spiel» og fest


Ein fest til slutt var vel forten for alle som var med på Färikålfestivalen. På Gudbrandsdal Hotell Spidsbergseter

sto eit bugnande matfat med sau i alle slags variantar. Før maten fekk del-takarane lytte til eit einestående moro-samt og interessant foredrag med Hans Hjelstuen, ein av dei som har sett og møtt flest sau og saueigarar rundt omkring i heile Noregs land, og som er ein framifrå talsmann for næringa.

Färikålfestivalen i Midt-Gudbrandsdalen vart eit rikt påfyll for både kropp og sjel, og eit viktig arrangement for vårt omdømme blant folk flest.

Neste år blir den arrangert 8. oktober, helga etter NM i saueklypping på Stav.

Av Fride Rudi



Ulltetet: «Spinnville» damer, skinn, ull